

Aktivitetsplan 2008 - 09

Dato	Arrangement	Komite
17. mai	Nasjonaldag	Styre
24. mai	Dugnad Gravdal	Huskomite
31. mai	Speling Frelsesarmeen	Musikkutval
6.- 8. juni	TPM helg	Styret/ komite
1. - 4. aug	Tall Ship-speling	Styret
26. - 28. sept	Øvingshelg	
26. okt	Basar	
13. - 15. nov	S. og Fj.mestersk.	Komite - styret
21. desember	Julekonsert	TPM arrangerer
27. desember	Juletefest	
3. jan	Nyttårskonsert	Komite - styre
30. - 31. jan	Øvingshelg NM	Musikkutval
5. - 8. feb	NM Bergen	Musikkutval - styre
4.- 6. sep.	Stormfestival-09	Komite - styre

Det var då, det....

Med ujamne mellomrom vil vi køyre serien, "Det var då, det....".

Har du eldre artige foto, så send dei til VG-redaksjonen. Vi startar med eit 17. mai-motiv. Biletet er teke i 2001 og er av muntre musikanter.

Enkelte av dei er russ i år.



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss Loddrett:

1. Fuglebolig
2. Renne
3. Nyvasket
4. Lik

Vannrett:

1. Kun
5. De 7 dagene
6. Vask

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag

NM-mester-2008



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 5

15. årgang

Laussal: Gratis

mai 2008

Jubilerer med historiekveld



Onsdag 14. mai klokka 19.00 blir det ope hus i Gravdal skule som er 100 år i år.

Prosjektgruppa som har arbeidd for å gjere det 100 år gamle skulebygget til eit litt annleis kulturhus, arrangerer historiekveld denne veka. Onsdag 14. mai vil dei presentere planane for den gamle skulen som Torskangerpoll Musikklag eig. Historisk materiale som er samla inn, blir vist fram. Dagfinn Kleppa frå Fylkesarkivet skal ha innlegg. Roy Aron Myklebust, som er koordinator for utviklingsplanen for reiseliv og opplevingar i Vågsøy, vil presentere den konkrete planen for Gravdal skule. - Det blir i tillegg gratis kaffi og mat, fortel Harald Oppedal.

www.torskangerpoll.no

Radio-orakelet Ane Barmen

Hon Ane har fått seg jobb som kulturreporter i verdas eldste kvinneradio, RadiOrakel i Oslo. Der lagar ho eitt kulturinnslag i veka for å tipse Oslofolk om kulturarrangement ho syns dei bør få med seg. Arbeidet er på frivillig basis og teke ein del tid, men Ane syns det er ryse kjekt å vere reporter. Nyleg vann ho ein fin diplom og premie for månadens beste innslag på radioen, som handla om brukmarknader i Oslo.

Ane kan fortelje at premien bestod av ei RadiOrakel-t-skjorte, og ein svært dårleg film, nemleg "High School Musical 2".

Ho såg filmen for ikkje så lenge sida, og vil på ingen måte anbefale han til andre. Totalt bortkasta tid, meiner Ane.

Diplomen var det derimot ingen ting å seie på, og den heng på kjøleskapet i Oslo!

(Av: Lina Wåge)



Spander VG i gåve



Kvifor ikkje glede nokon med eit abonnement på VG? Kanskje til bursdag eller noko liknande? Ta kontakt med kasserer Ingunn

Kvalheim 41335683 eller ingunnkval@hotmail.com om dette er interessant. Det kostar 120 kroner for eit år. John Inge meiner at det er vel verdt å få dette bladet i postkassa.

Fortsatt plass på sommerkurs

Det er fortsatt mulig å melde seg på sommerkurs. Påmeldingen er åpen til og med torsdag 15. mai. Dersom dere ikke har mulighet til å melde på via internettet kan påmeldingen sendes på e-post til nordvest@musikk-orps.no



17. mai i Holvik og Vågsvåg

07.30: Morgenprosesjon frå Oppedal

Torskangerpoll Musikklag spelar frå Oppedal til betonganlegget i Vågsvåg.

08.00: Flaggheising i Holvik

Holvik Skulekorps spelar til flaggheisinga. Frukost for musikantane.

11.00: Barnetog i Holvik

Start ved Holvik skule. Går til Halnes og byggefeltet og til skulen. Holvik Skulekorps og Torskangerpoll Musikklag spelar.

Minikonsert i Holvik

Etter toget spelar Holvik Skulekorps minikonsert på Holvik skule. Tale for dagen, leikar og sal av mat.

14.30: Folketog i Vågsvåg

Toget startar i byggefeltet ved Kjell Gravdal. Går via Hamnaberg og til grendehuset i Vågsvåg. Holvik Skulekorps og Torskangerpoll Musikklag spelar. Parkering ved Gravplassen.

15.30: Folkefest i Vågsvåg

Tale ved Henry Ramsevik. Underholdning for store og små. Sal av smørbrød, karbonadesmørbrød, 17-mai-talerken med laks, speke-mat og tilbehør.

21.00: 17-mai-treff i Våge Oppedal grendehus

Vi strekkjer ut etter togtrakking. Bygdelaget held opne dører. Havblikk ordnar løjen musikk.

